

Pass på at vatnet kjem langt nok ut frå husveggen for å unngå at det renn ned langs veggen og inn i kjellaren. Du kan bruke eit vanleg nedløpsrør eller ein fleksibel slange.



*Foto: Fredrikstad kommune*

Ein eller fleire steinar kan hindre vatnet i å grave.



*Foto: Fredrikstad kommune*



SULA KOMMUNE

## Fråkopling av taknedløp



*Foto: Fredrikstad kommune*



SULA KOMMUNE

## Kva vil det seie å kople frå taknedløpet?

Hus som har taknedløp kopla til leidningsnettet, kan vere utsette for å få avløpsvatn opp av sluka i kjellaren ved sterk nedbør eller snøsmelting. Avløpsvatnet inneheld normalt både spillvatn (kloakk) og overvatn (regn- og smeltevatn frå drenering og taknedløp).

Når ein har sams leidning for overvatn og spillvatn, må alt vatnet pumpast til næraste reinseanlegg.

Når det er mykje nedbør eller snøsmelting, greier ikkje dei kommunale leidningane å frakte takvatnet saman med spillvatnet til reinseanlegget. I slike situasjonar blir gjerne delar av avløpsvatnet ført ut i overløp til næraste bekk, elv eller innsjø, som både kan føre til forureining av drikkevatnet og vere sjenerande for bade- og friluftsliv. Det er derfor eit godt miljøtiltak å kople taknedløpet frå avløpsleidningane.

Det er dyrt å pumpe og reinse avløpsvatnet. Det er derfor god økonomi i å føre minst mogleg reint vatn til reinseanlegget.

Taknedløpet går som oftast ned i eit større røyr like over bakken. Føremålet med å kappe taknedløpet er å bruke vatnet på eiga tomt.



Slik:



Ikkje slik:

## Plikt til å kappe taknedløpet

Forureiningslova § 22 andre leddet gjev kommunen rett til å krevje at eigaren av ein stikkleidning må leggje han om.

Kommunen kan krevje omlegging av ein stikkleidning når særlege grunner tilseier det. Ein slik særleg grunn kan vere at abonnentar i visse område kan få avløpsvatn opp av sluka i periodar med sterk nedbør eller snøsmelting.

## Slik går du fram

Kapp taknedløpet og set på eit *utkast*, som du får kjøpt hos byggevarehandlarar:



Røyrret som går ned i bakken, pluggar du igjen med eit passende lokk for å hindre at avløpsleidningen blir tett:

